

Årsmelding for 2013

Styret valt på årsmøtet 24.02.13:

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Harald Jordal (ikkje på val)	1: Håkon Tverdal (vald for eitt år)
Harry Solberg (vald for 2 år)	2: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (vald for 2 år)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Gry Folkvord (vald for eitt år)	Valnemnd: Svein Gjørsv (leiar), Brita Jordal og Jorid Ystanes

Styret har hatt 8 møte.

Medlemstalet: 130.

Tilskipingar:Årsmøtet 24.februar 2013:

I framhaldet av års møtet innleidde leiaren i Telemark Mållag Ragnvald Christenson og Knut O. Dale om sidemålsstilen. Årsmøtet vedtok fråsegn: Tiltak for å hindra målbyte i skulen. Årsmøtet i Odda Mållag sende fråsegn vidare til Noregs Mållag og bad landsmøtet slutta seg til fråsegn. Møte var i Ungdomshallen.

Til Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.

Tiltak for å hindra taktisk målbyte:

I dag skifter halvparten av dei elevane som har hatt nynorsk som opplæringsmål i barneskulen til bokmål i den vidaregåande skulen. Ofte vil dette målskiftet føra til skifte av språkleg tilhøyrse (identitet).

For å hindra dette målbytet og støtta nynorskelevane, ber me om at desse tiltaka vert haldne oppe eller sette i verk:

- 1: To jamstelte og likeverdige stilar både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Den eine stilen vert kalla hovudmål og den andre stilen vert kalla sidemål.
- 2: Sidemålet skal vera obligatorisk til eksamen på studiespesialiserande og påbyggingsåret i den vidaregåande skulen.
- 3: Sidemålsopplæringa held fram i VG1 og VG2-yrkesfag.
- 4: Elevane som kjem opp i norsk skriftleg VG2- yrkesfag skal prøvast i to likeverdige deler (hovudmål og sidemål).
- 5: Hovudmålet i barneskulen fylgjer elevane ut grunnskulen.
- 6: Lærarane på ungdomstrinnet i grunnskulen skal undervisa på hovudmålet til elevane.
- 7: Lærarane i den vidaregåande skulen skal hjelpa nynorskelevane til å verta trygge nynorskbrukarar. Difor står ikkje lærarane fritt til å velja undervisningsspråk.

Definisjon av hovudmål: Det skriftspråket som elevane byrjar med i grunnskulen. Sidemål: Det skriftspråket som elevane lærer etter kvart i grunnskulen.

Røldalsmarknaden 2013:

Odda Mållag markerte seg på Røldalsmarknaden, 21.- 23.06. med stor annonse i marknadsavisa, «målteltet» med boksal og «Quizleis», ei spørjetevling med vekt på røldalsdialekten.

Møte om sidemålsstilen:

Odda Mållag gjorde opptaket til, planla og gjennomførde møtet på Bryggens Museum i Bergen måndag 19.august. På møtet innleidde direktøren i Språkrådet Arnfinn Muruvik Vonen om emnet: Sidemålet i lys av offisiell norsk språkpolitikk. Ordføraren på Stord Liv Kari Eskeland tok for seg temaet: Sidemålsstilen frå synsstad til ein nynorsk kommune. Og leiaren i Noregs Mållag Marit Aakre Tennø reflekterte over emnet: Sidemålssaka i eit mangfalds- og jamstillingsperspektiv. I panelet sat stortingsrepresentant Magne Rommetveit

(Ap), stortingsrepresentant Gjermund Hagesæter (FrP), stortingsrepresentant frå 2013 Ove Trellevik (H), stortingsrepresentant Kjersti Toppe (Sp), stortingsrepresentant frå 2013 Terje Breivik (V), stortingskandidat Emil Andre Erstad (KrF) og stortingskandidat Einar Horvei (SV). Terje Kollbotn frå Raudt var invitert og heldt eit godt førebudd innlegg i ordsiftet. Tidlegare redaktør i Kystradioen og no informasjonsrådgjevar i Fjell kommune Vigleik Brekke var ordstyrar. Talet på framømte: Kring 60. Medtilskiparar var Ullensvang Mållag, Voss Mållag, Noregs Lærarmållag og Hordaland Mållag. Opptak frå møtet og eit stenografisk referat er å finna på heimesida til Odda Mållag. Hordaland Mållag Løyvde 10 000,-kr til arrangementet.

Målstafetten 2013:

Superlaurdag i Odda, 07.09.13: Ulike tilskipingar: 1: Markering i Gågata med avduking av Målbenken og utdeling av målinformasjon. Ruth Lillegraven las dikt frå boka Urd, boka som ho vann Brageprisen for. 2: Lesestund for born på Odda bibliotek:. Ruth Lillegraven las frå Mari og Magnus-bøkene. 3: På Odda bibliotek: Orientering om Målstafetten ved Synnøve Marie Sætre og Martin Åreseth. Ordbokredaktør Helene Urdland Karlsen presenterte Norsk Ordbok.

Edvard Hoem-tilskipingar:

i samarbeid med Odda sokneråd, Ullensvang Mållag og Jondal Mållag.

Foredrag om Bjørnstjerne Bjørnson i Odda kyrkje fredag 20.09.

Foredrag med utgangspunkt i boka *Mors og fars historie* på Odda bedehus laurdag 21.09.

Møte om måldelinga på ungdomstrinnet på Odda ungdomsskole:

Møtet vart halde på Meieriet 6.november.

Tema: Språkdelinga i Odda, ei økonomisk bær for Odda kommune eller ei ordning av stor pedagogisk verdi?

Innleiingar på møtet: Doktorgradsstipendiat Helga Mannsåker, oppvekstsjef i Odda Ole Jørgen Jondahl og tillitsvald for Utdanningsforbundet på Odda ungdomsskole Atle Patterson.

I panelet sat Salm Sjurstræ (Sp), Terje Kollbotn (Raudt), Nils Petter Freim (H) og Jon Olav Stadheim (Nye Odda). Dei andre partia var inviterte.

Møtestyrar: Tidlegare rådmann i Odda kommune Finn Kristoffersen

Kulturkveld med presentasjon av Odda i manns minne:

Fullt hus og god stemning i Ungdomshallen søndag 17.11.

Program: 1: a) Lansering av OIMM b) Presentasjon av bidragsytarane 2: Målprisen 2012, med opplesing av grunngjeving. 3: Allsong og underhaldning ved Trubadurene 4: Utlodding av 20 bøker 5: Sal av OIMM nr 22. Harald Jordal var programleiar. Odda Ungdomslag selde kaffi og kaker.

Framsyninga Bondestudentar:

06.01.14 i Ungdomshallen

Tekst og framføring: Liv Hatle.

Tilskipinga var ein del av Hordaland Mållag si markering av Språkåret 2013.

Målprisen 2012: Forfattaren Erlend Garatun Huus fekk prisen som er eit trykk av biletkunstnaren Solfrid Aksnes. Prisen vart utdelt på kulturkvelden 17.11.13.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar: Påskjøning til dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule: Eirin Tjoflot fekk prisen på 2 500,-kr. Aurora Aarhus Opheim fekk sidemålsprisen på 2500,-kr. Idrettsutstillinga i Odda fekk ei løyving på 10 000,-kr. Skare Ungdomslag fekk 5 000,-kr i jubileumsgåve.

Odda i manns minne: I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1300 og nær på utselt. Tre laurdagar selde mållagsmedlemar heftet på Sørkjordsenteret.

Nynorsk i skulen: 67 prosent av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. _

Utsendingar på møte:

Årsmøtet i Hordaland Mållag 16.03,13: Solveig Grønlien. Solveig Grønlien er nestleiar i Hordaland Mållag.

Landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19. til 21.04.: Ingvild Jøsendal, Solveig Grønlien, Harald Jordal og Knut O. Dale. Solveig Grønlien møtte for Hordaland Mållag.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Etter kvart har Odda Mållag fått ei oppegående heimeside. Håkon Tverdal har gjort mykje godt arbeid med sida.

Økonomien: Marit Mannsåker Bleie har vore kasserar. Inntektene i 2013 var kr 290 049,27 og utgiftene var kr 318 294,64. Økonomien til Odda Mållag er god.

Etterord:

På landsmøtet i Noregs Mållag vart fråsegna om målbyte langt på veg vedteken. I dag er denne fråsegna retningsgjevande for Noregs Mållag sitt syn på sidemålet og forholdet mellom skriftspråka i Noreg.

Sidemålsmøtet i Bergen 19.august var viktig fordi det viste at alle partia på Stortinget, bortsett frå dei noverande regjeringspartia, vil halda oppe sidemålsstilen. I nasjonalforsamlinga er det ikkje fleirtal for å ta bort sidemålsstilen.

Eit fleirtal i Odda kommunestyre vedtok - på budsjettmøtet før jul - å halda oppe språkdelinga på Odda ungdomsskole. Fleirtalsgruppa som kom med framlegget og som fekk gjennomslag for det, er Arbeidarpartiet, Raudt og Demokratane i Noreg.

Dette året kom *Odda i manns minne* ut med hefte nummer 22. Skriftstyret med Harry Solberg som drivkraft, skal ha stor takk for arbeidet som dei har lagt ned!

Odda 03.02.14

Styret i Odda Mållag